

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 27 •

Fylke: Nordland .

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Velfjord .

Emne: Fisk i kostnaldet.

Bygdelag: Børja.

Oppskr. av: Knut Strompdal .

Gard:

(adresse): Storbørja

G.nr. Br.nr.

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Nøke av eige røynsle .

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke) :
fleire heimelsmenn .

SVAR

Saltvassfisk

I gamal tia gjekk det noke bytenandel med fisk . Maxxxhukkandekkakaxxmed felk utanfra øydistrikta og elles fra sjøkanten kom med fisk og fekk ymse trematerialer istaden . Velfjord er ei fjordbygd og det har frå gamalt vere drive neke fiske i fjorden, og gamalt var mest alle vaksne mannfolk i Lefeten på fiske om vimtrane . Likevel kunne serleg dei sem budde på gardar der låg noke fra sjøen av og til kjøpe fisk , eller dei bytte til seg fisk . Ute ved havkanten og på øyane der er det mykje gott skoglaust medan Velfjord er ei skogbygd , det fall seg da naturleg at det vart noke bytehandel av slike varer den eine ikkje hadde . Korn , kjøt , smør og poteter vart predusert både inne i fjordane og ute ved havkanten , så det var visst mindre om bytehandel med dei .

Heimelsmenn : Eliseus Lemsaal f. 1857. Johan
Sivertsen f. 1861.

I krigen var det ikke byteshandel, men
kanskje meire milion feik som budde nede ved sjøen
i Velfjord og dei som budde lengre opp i dalane.

2.

Men det var og ikke bytenadel mellom folk fra øyane og havkanten og folk innanfra Velfjord. Da var det også mykje trematerialer som kom fra Velfjord og fisk som kom fra øyane, men smør og egg var også gode bytemidlar. Nå etter krigen er det så godt som ingen bytihandel, berre kontant salg.

2. Bytihandelen gikk før seg på den måten, at folk fra øyane og fra havkanten kom ian til Velfjord på større båtar, gammalt var det fembøringar og øttringar sidan vart det listerbåtar og skøyter, hadde fisk med og fekk trevyrke eller brennevad med attende. Som oftast var det ikkje rein bytihandel, det vart betalt ikke kontant. I den gamle tida gjikk det og fyre seg ikke byteshandel på Tilrems marknad. Varene var dei same som nemnt ovanfor, berre ikkje ved og tømmer. På marknaden kom det folk både fra fjordane som Velfjord og Bindal, og likeeins folk fra øyane og havkanten. Neko var sal og anna var berre bytihandel.

Heimelsmena er dei same som nemnt ovanfor.

Tilrems marknad vart det slutt med i sisste krig, tyskarane sette forbod mot at det skulle samlast sa mykje folk på ein plass, sidan har det ikkje vært halde marknad på Tilrem. I krigstida gjikk byteshandelen før seg likeeins som i gamle dage, når ein ser bort fra at marknaden vart avskarra. Folk fra øyane og fra havkanten kom med meterbåtar og hadde ymse fiskeprodukt med og bytte i varer inne i fjordane, mest trematerialer og ved.

Etter krigen er det vorte slutt med bytihandelen. Nå kjøper folk og betalar kontant for dei varer dei får.

At det var kvinner som stod for bytehandelen. Var meire skjeldan, det var fiskarane og bøndene sjølve som hadde mest med bytehandelen å gjera.

Ker lang veg bøndene reiste fer å kjøpa fisk var så ymse. Som døme på kva vegar ein kunne fare fer å få kjøpt fisk kan eg nemna desse: Jehan Nilsen budde i Børja, han gjekk over fjellet til Tesen der det var sildevåg og kjøpte ein 40 kg sild han bar med seg heim, veglengda var 30 km kvar veg. Folk fra Hemmelstø og Naustvik reiste over til Ursfjord og kjøpte sild og fisk. Dei hadde bat med og reade i vatna, men laut bera fisken og silda millom vatna og draga båten. Avstanden der er og pålag ein 30 km. I gamal tid fiska flest alle bønder neke av den fisken dei brukte til mat sjølve, og mange av bøndene fiska alt dei treng. Det var ikkje sa rett lite fiske som gjekk fer seg i Velfjord i eldre tid. Og mange fer og ut om bygda pa fiske. Minst ~~xxx~~ tid til fiske fekk dei som dreiv i skogen om vinteren og serleg desse kjøpe då og ikkje rett lite fisk. Men før 1870 var det lite skogdrift og mest alle vaksne mannfolk var på fiske i Lofot. Når det likevel eg i den tid var neke bytehandel med fisk, så tyder det på at det vart brukt ikkje lite fisk i husahaldet. Lofotkarane hadde nok ikkje neke høve til å senda fisk heim medan dei var i Lofot, men dei hadde fisk med når dei kom heim fra fiske.

Sem evan nemnt var det neken emsetnad av fisk pa Tilrem marknæs. Avstanden fra Børja til Tilrem er pålag ein 50 km. Neken annan fast møtestad var.

det ikkje før etter niti ara, da det byrja verta dampskips ferdslie og ein kunne få fisk og andre varer sendt med dampbaten. No er Hemmelstøa og Nevernes dei vissaste stadene bønder og fiskarar kan møtest i sørvesten.

Heimeismann : Johan Fjeldet f. 1875.

Hans Stremdal f. 1840.

Arne Grønli f. 1892.

Sild var visstnok den fiskesorten som mest vart kjøpt. Sild var halden for å vera kraftig mat og dei flesleira vart det fiska fer lite i Velfjord til eige bruk for den bøndene som budde der. Ellers vart det kjøpt noke uer og tersk. Andre fiske slag vart det drive lite handel med.

No til dags vart silda mest kjøpt salta i kvarter eller tyenor, berre undantakvis kjøper ein fersk unsalta sild som ein gærer og saiter sjøiv. Før i tida var dette meire vanleg. I etti til nittiara i fyra århundrad og først i sisste århundrad var det heller vanleg å dei som ikkje fiska sild ek sjøiv kjøpte unsalta sild som ein gama og salta sjølv. Både Johan Fjeldet i 1875 og Lars Fagerli f. 1864 har fortalt om det. Det var eg meire vanleg det var sildvag dei kalla anten i Velfjord eller i ein av dei andre nerasje fjordane, sa det var meire lettvint å få kjøpt unsalta sild. Ellers var det mange av bøndene den tid som sjøiv hadde gær og fiska den silda ei treng. Av ein gentlege bønder er det få ne til dags som arriv med fiske som attat innkomma.

I gamal tid var det vanleg at ein fikte sil daværfør ne vart salta, det var neist storsild eller stor feitsild som vart handsame salts. Fra sild

vær ikkje i handelen til vanleg, den laut vøn= dene sjølværlaga viste moa omstøtten ved Bla Ae

4. Dei fiskeslag som vert mest brukte i

Velfjord er : Torsk, sei, sild, hyse, kveite, flyndre, uer og makrel. Den siste vert fiska i ikkje liten mengd sume ar meaan han andre ar ikkje er a fa.

Fisk som det vert fiska og brukt neke av sa av og til kan nemast : Laks, sjøaure, lunge, lir, lysing, steinbeit og vargaitz.

Av sei vert brukt både stersei, bladsei og smasei. Seien ikt ein vel segja er den mest vanlege fisken i Velfjord, dinest torsk.

Mesteparten av den fisken som vert brukte i hushalet i Velfjord vert fiska i Velfjord.

Dei som ikkje fiskar sjølve kjøper anten veinveges fra fiskarane eller dei kjøper hos handelsmennene

i Hommelstø eller på Nevernes. Om vintrane vert det sendt neko fisk fra Lofoten til Velfjord.

Dels er det fiskarar fra Velfjord som sender fisk heim til dei som heime er, eller ein kjøper og far sendt med dampbatane til Velfjord. Det er torsk ein far fra Lofoten, løfotesk som han her

vert kalla. Sild vert heilier lite fiska i Velfjord no til dags, mesteparten av den sild som vert brukta i hushaldet far ein kjøpt annan stads ifra. Serleg storsind vert det kjøpt ikkje sa

rett lite av. Ellers vert det kjøpt litt uer fra nabobygdene. Grunnen til at ein ikt kjøpe frå andre stader er, at det ikkje altid er fisk nok å få i Velfjord. Sild har det såleis vore

heller lite av før fiskarane a fa i Velfjord ,
så sild har endå sume som sjølv er fiskarar lete
kjøpa .

6. Kva rolle fersk fisk spelar i kost=
haldet ute ved kysten veit eg mindre om . Vel=
fjord er som før nemnt ei fjordbygd og ingen av
gardane her ligg ute ved kysten ; men fleirta=
let av gardane ligg nede ved fjorden og ligg
altså så til , at folka sem bus der kan driva ~~fikk~~
fiske . Børja er ein krins av Velfjord og før
mange av garaane her kan ein segja at fisk er
ein daglegdags kost i lange boikar av året .
Enda på garaar der ligg lenger ifrå sjøen og di=
fer lyt kjøpa meste fisken dei brukar kan ein
rekne med , at dei brukar fisk til tre eller fire
mal i veka . Ute ved kysten spelar sikkert fisk
einenda større rolle i kosthaldet .

7. Det er ikkje like eins alle stader i
Velfjord . I Børja et dei sikkert meire fisk
ne enn dei gjorde før eit tak . Kunnsje dei at
meire fisk før eim hundre ar sidan eller så ,
men neke sikkert om det har ein ikkje . Sikkert
er det at det den tid vart ete meire kjøt enn no .
Men da det , allvisst ofte , var mindre om mjøl=
mat , sa er det truleg at det eg vart ete meire
fisk enn no . Og det er ikkje berre i Børja dei
er såleis , men og i fleire andre krinsar av bygda .
Likevel er det sume stader innan bygda dei tra=
brukar mindre fisk ne enn før , mest fordi det
er så vant for dei a fa tak i fisk . Det gjeld
serleg gardar som ligg langt ifrå sjøen . Fisk=
omsetnaden har vere ringt organisert nittil .

8. Ein lyst vel segja at til vanleg har folk her tykt, at fersk fisk var betre enn den som var konservert. Men det er ikkje i aile tilfelle. Mange vil tykke, at skal ein eta fisk fleire dagar etter kvarandre, sa vil det vera vel sa gott a få lettalta fisk ein og annan gongen mot a få ferskfisk til kvart mål. Ja sume heid lettalta fisk i det heile a vera betre enn fersk. Elles eignar ikkje fersk fisk seg til alt, saleis ikkje til lutefisk, til det ma ein helst ha turka fisk, men salta fisk gar og anna når saltet vert vatna ut i fyrevegen. Og lutefisk vert rekna fer a vera god mat av alle her. Så neken regel fer at fersk fisk er mest kam ikkje segja det er.

I sa måte har det visst vore likeeins i gamle dagar og.

9. Laks har visst aldri neken gong vore retteleg kvardagsmat til vanlegt på gardane. Ingebrikt Nepas f. 1083 fortel at det i første halvdel av føre arhundrad eg framt til sytti eller otti åra vart fiska mykje laks på Nepas om haustane og ettersumaren. Dei fiska då sa mykje at dei salta eller gøynde på annan måte fisk til vinterbruk og. Det var fem gardar på Nepas den tid, no er det berre ein, så laksfisket har visst hatt mykje å segja for økonomi og kosthaald fer dei som budde der då. Men det var nikkje mange gardar i Velfjord tilhøva å lag saleis til at det kunne verta noe sterfiske av laks, sa neken vanleg mat var laks snaut på rett mange gardar i

Kring hundradarskiftet og fram mot 1920 var det
noko laksfiske på garn og serleg på net på ein=skilde gardar som låg slik til, men mesteparten
av fisken dei fekk vart selt, så noko serleg
vanleg mat vart ikkje laks da heller. At tenarar
tinga seg laks til visse mål har eg aldri hørt
fertalt om her, så slikt har det visst aldi
vore tale om.

10. Det var fleire slag saltvassfisk som
folk før rekna for uetande. Dei mest vanlege
av desse fiskesлага var skate, reke og lodde.
Habramm og seistørje var og rekna for uetande.
I gamal tid vilde folk heller ikkje eta steinbit,
men han tek dei til a eta alt fer ein femti seksti ar sidan.

Til mat til høns og gris vart visst silk
fisk lite nytta, anna enn megieg ledde og reke
om ein siumpantil a fa noko vidare av dei, men
det var skjeldan. Det hende einast når dei hadde
gattaepp i peiler uner land på fles sjø og sa
fall turrapifjera sjø. Skate kunne dei få på
garna når dei raskar etter mannan fisk. Men mester-
parten vart kasta vekk, suntid kunne dei gjeva
dei til geitene. Det hende også dei kunne få
ymse meire skjeldne fiskeslag på garna, dei
vart altså kasta som uetande. Det kunne vera
fisk som rekken, sild, sverdfisk og andre.

Heimelsmenn: Johan Sivertsen, Lars Fagerli,
Hans Stromsgaard.

Nemninga Ufiski (ut. ofisk) tyder i bygdemålet her nærmest revfisk, det er likeins mea
uayr fer revdyr og ufugl fer revfugl. Men dei
kallar og fisk med eit rølslekt usjanae forufisk.

6165

B. Ferskvassfisk.

11. Den vanlegaste ferskvassfisken i Vefjord
er aure i Vefjord mest kalla agneta eller greag=
neta. I seinare tid har nemninga vassaur og veake=
daren nede i vesten og øst i fjordene. Og ikke
aure og kome inn i bygdemålet. Ferutan auren er det
røyr i same vatn. Elles gør laks og sjøaure opp
medeitt smyg avlukka jisse reaktion (a. Rx
eit stykke i same elvar. I gamle dagar var de.
vella til å laga laks og sjøaure som vart tilsko og brukt
myr i Jæren der man datt sjøauren, og tilso
til mat. Først etter 1880 tok folk til å fiske og
kjøpe og selje aure i Jæren. Det var først i 1890-talet men
bruke meire ferskvassfisk i husmålet. Før den tid
var det få vath det var fiska i, men da tek ein tili
nær. Det var ikke før 1890-åra at fisket blei
å bera og setja ut tilsk i dei fisketomme vatna. Alle
setjte seg i vatn. Etter 1890-talet blei det
stader var det aure som vart bere og sett ut.
Vissa stilar blei gjort egenskapsleid endre i vatn. Ettersom

12. Meste fisket etter kuskfisk ferskvass=

fisk er med steng om sumaren og først på hausten.
Til vanleg vert det ikkje fiska meire enn det vert
brukt i husmålet etter kvart til august og sep=

tember, vert det fiska med garn i samelvatn og fjeil=

vatn. Av denne fisken vert det geymt nekont til bruk
om vinteren, mest som salta og røynt. Men sone
serleg mykje vert det sikkjentiska på denne maten.

Det blei blitt åpneheit obgjord i Jæren. Datt skridt blei
gjort i Jæren først i 1890-talet. Det var først i 1890-talet
at fisket blei gjort i Jæren. Det var først i 1890-talet

A. Saltvassfisk.

13. Den fisken som ikke vart eten fersk og
skulde brukast i husmålet vart konservert anten
av fiskaren eller av den som kjøpte fisken. Både
i gammal tid og i nyare tid har det vore vanleg at
fiskarane mengte og turka mykjet av den fisken dei
ikke fekk selja strakst. Elles var det også vanleg

dei salta . Det var elles vanleg at bøndene kjøpte fersk fisk og salta ned eller turka det dei ikkje
støttiv i neslebæveriet sjølve ned . I
at fersk . Det er likeeins framleis , skilanaden er
berre , at før i tida var det fleire som fiska sjølve
enn no . Truleg vert og meire av fisken eten fersk
ne enn før .

a) Nar dei gamalt skulde gjøyma fisken
ei tid var det mest vanleg dei anten salta eller
turka han . Nar dei salta fisk var det helst i tyn=
ner eller i kvarter . Det var helst torsk og kveite.
Sei vart nok og salta ned neke av , men vart helst
eten lettsalta , han hadde det ord på seg , at han
vart så turr når han vart saltknipen . Uer vart eg
salta . Av dei andre fiskeslaga vart det lite salta.

Det er i det store og heile likeeins enda , berre
det til vanleg vert salta mindre **nn** fisk ne .

Beknafisk kalla ein her fisk sem hadde hange
pa gjellen og turka neke . Det var helst torsk som
vart eten sâleis . Men neke vanleg var det ikkje å
eta beknafisk . Det var helst når ein ikkje hadde
anna fisk . Jayor go sjøla med jem , næstniv no
Det var mest fiskarane sjølve som hengde
og turka fisk . Dei hengde fisken pa gjeld eller
under eit hustak . Det vart helst torsk , sei og
hyse som vart turkav . Turkafisk er mindre brukta
ne enn før . Turkafisk vart før selt neksa mykje
av pa tilrems marknad .

A røyka fisk har vore gjort fra rett
gamal tid . I endste tid vart fisken truleg røykt
i laststua eller røykestua , men neko visst har eg
ikkje fått nøyra om det . Kring 1900 hadde dei eigne
innretningar for a røyke fisk . Dei mura opp ein
omn der dei elda . Fra omnens gjekk røyken gjennom

gjennom ein røykgang på skrass opp ein jordbakke til eit stillas der fisken hang. Før å få god røykefisk skulde han ikkje røykes i varm røyk, sa dei, og god røykefisk fekk dei allvisst på den maten. At dei gamalt røykte både kjøt og fisk i baststu har eg hørt av gamle folk, men kørleis òg framgangsmaten var har eg ikkje hørt. Det er sa lenge sidan at nekon eg har snakka med har ikkje vore med i det arbeid.

c) At ein la fisken ned i mysebleng har visst ikkje vere brukt her, eg har allvisst ikkje fatt høyrd om noko slikt. Det er heilt sikkert ikkje i bruk no. Sukkeriake til fisk har heller ikkje vore brukt og er det ikkje framleis. Surfisk har ikkje vært noe vidare brukt. Det einaste kunne vera at nar dei hadde salta fisken vel lite så han hadde vorte sur, så kunne dei bruke av han om det var smatt om annan fisk. Det var heist på varparten og om sumaren dette hende. Var det kait i veret vart fisken gjerne ikkje sur, og sa vitt eg har hørt vart det ikkje gjort noko serieg for a få surfisk. No vert som regel sur fisk ikkje brukt til mat for folk.

14. Det var ikkje skjeldant før at ein turka flaksild. Først salta dei henne med same ho vart flekt, sa fekk ho ligja i salt nekre øgn, og sa hengde dei henne opp til turke, heist der det var varmt sa ho turka fort. Oftast turka dei henne berre noko og røykte henne så. Det var anten stor feitsild, og det var oftast, eller eg storsild eller varsild dei laga flaksild av. Det hender at ein lagar flaksild no og, men meire skjeldan, og at dei turkar eller turkar eg røyker henne er endå

skjeldnare i. og aastis og gresset er nis monneis

15. Spikgefisk var fisk som var vorten
sætken av salt at dei rekna han etande utan
kokning. Spikgefisk vart skjelden brukta i
kesthaldet. Det var i tilfeile heist sei som
vart eten spiken.

Rekling av kveite var ikkje rekna fer a
vera noken kvardagsmat. Kveitreklingen var lett=
salta og neko turka, men kerleis den vart til=
laga har eg ikkje hørt neko om. Kveitrekling
var a fa kjøpt pa Zairem marknad og der eten mest
sem eit siag gottels. Berre retteleg feit kveite
kunne brukast til rekling.

No vert mest alari brukta spikefisk av sei,
og sa vitt eg veit vert kveiterekling alari laga
no for tida.

B. Ferskvassfisk .

10. Av ferskvassfisk er det aure og laks som
av og til vert ~~gymk~~ salta og gøynt, serleg da
aure, nokså skjeldan laks som helst vert selt.
Men det er eg skjeldan agneta, ferskvassaure,
og vert gømt, den vert som oftast eten fersk.

Men av og til vert stor ferskvassaure salta
ned eller eg sume tider salta og røykt. Når det
vert laga røykefisk av han er framgangsmåten den
same som før er nemnt. Men det er eg andre matar
å røyke på. Fisken kan verta hengt opp på taket
over ei muspipa og sa vert det elda heist med
eine nede i gruva eller i komfyren. Det går eg
an a røyke i ein tynne med berre ein botn i.
Fisken vert da hengt tett oppunder det botne som
er i tynna, sa gjer ein opp ein liten eid på

marka, lett det brenna ei stund og kvelver tynna over. Elden brenn ei tid og ~~skakkk~~ sloknar sa av seg sjølv medan det vert fullt av røyk inne i tynna. Ein lett det sta saleis ei tid og fisken er røykt. Denne maten å røyke fisk på er heller ny her. Retteleg gamalt vart og ferskvassfisk røykt i baststua likeins som annan fisk. Rakafisk har ikkje vere i bruk her.

Kørleis ein lagar fisken til.

17. Fisk vert her mest eten som kokt, skjeldnare som steikt. Sume fiskeslag vert og mykje eten som tillaga som kaker eller bollar. Noko fisk vert også eten som lutefisk.

18. Fersk fisk vert kokt i ferskvatn, sume tider kan ein kaste ei klype salt ned i vatnet før ein har fisken i gryta eller kasseroilen. Fersk fisk vert ofte salta etter han er oppteken og vatnet han er kokt i. Det vanlege er, at ein keker suppa på vatnet fisken er kokt i, ein har da sur myse, syre eller ~~skakkk~~ eddik i vatnet så ein får ein passende sursmak på suppa, ~~xxx~~ elles kan ein og ha karve og løk som smaktilsetnad i ferskfisksuppa. ~~XXXXXXXX~~ Når ein salta fisken, så laga ein sterke lake av saltet og slog denne fleire gong over fisken og sila av før kvar gong heilt til fisken var salt nok. Framgangsmåten var den same kva slags fisk ein koka som fersk. Fersk fisk skulde koke jamnt og ikkje fesskoke, fekk han brasøa vart det lenge før han vart kokt, så dei før i tida. Fisken koka dei på same maten i gammal tid eg.

xiq Fressen fisk laut ein setja i vatn sa han skaut isen før ein koka han . Salta fisk vart kokt i fersk vatn han eg, men der vart vatne siege vekk etter fisken var kokt, det var oftast krøter som fekk det.

Salver daftaen 19. Fersk fisk vart som oftast steikt i panne. Ein hadde først neke feite i panna og i den steikte ein fisken . Kva slags feit var så ymse etter som ein hadde det til . Det kunne vera kjøtfeit ein hadde fløyt av nar ein koka kjøt , det kunne vera talg , smult eller margarin . Ferskvassaure kunne ein og steike i sur tjukk rømme . Fisken om han var ster vart skare i skiver og neje steikt lysbrune på bæ sider . Før i tida vart fischen anten steikt i taig eller i kjøtfeit . Men det var ikkje sa rett ofte ein steikte fisken slik i gamal tid .

Salt fisk vert steikt i panne som ferskfisk og i same slag feit, men fisken vert reinska fri for bein og plukka i sma bitar før ein har han i panna. Han er altid kokt i førevegen . Ein kallar det plukkfisk. Ein kan og laga plukkfisk av kokt ferskfisk . Ein plukker da fisken i små bitar før ein har han i feittet og sa lagar ein ein jamning av mjøl og siar over medan ein steiker . Den vert oftast tilaga i gryte eller kasseroelle. Plukkfisk laga ein og før i tida.

A steike fisk i terskelever er ikkje brukt her. Finaste levra til mat far ein elles av sei , men heller ikkje den vert nytta til a steike i.

Lutefisk. is so dried that it

20. Nar ein skulde laga lutefisk luta ein
altia fisken ~~sjølv~~ sjøiv . Her er aet ikkje lute= fisk a fa kjøpt enda no heller . Ein lagar lute= fisken no slik dei gamalt laga han . Til lutefisk var sjølvsagt tørrfisk best , men dei kunne eg laga lutefisk av ~~xxxxxx~~ saltfisk ein hadde vatna saltet ut av , men sur fekk ikkje fisken vera , da tok ikkje luta han . Lutefisk vart laga i stampar eller større trekar . Tørrfisken vart først hogge i betar og bløyt i vatn og ein kaggm laga god lut av beste slag treeska, oska av bjørk var best . Nar fisken var passe bløyt var luta slegen over . Fisken lag sa i luta til han var passe teken av luta som dei kalla det før i tida .

=før 21. Ferskvassfisk var aldri lagt til fisk.

Fiske suppe.

blia 228. Det var vanleg ein kokte suppe av den fiskekrafta ein fekk nar ein kokte fersk fisk . Fisken vert teke opp med ein fiskespade , før i tida brukte dei ein søspen til det bruket : Søspen dei kalla vart brukt til å taka opp potet , fisk og savore . Men den søspen dei brukte til potet var større enn den dei brukte til fisk . Dei hadde så noko surt i (sjå pkt 18) til smak og litt krydde som løk eller karve . Laga så ein jamning av grynmjøl og sie oppi og lett det koke til det vart kokt . Til surt i suppa kunne ein sumetider bruka surveren mjølk , ikkje tettemjølk . Fiskesuppe vart eten til fisk og poteter . Nar

Det var berre på fersk fisk det vart laga suppe, aldri på salt fisk. Fiskesuppe som her nemnt var vanleg mat både før i tida og no. Når den vart mest brukt er ikkje gott å segja.

25. Nar ein koker ferskvassfisk vert det koka suppe på fiskesøtet som ein kaller fiskekrafta. Forutan surt har ein stundom også sott i suppa, elles vert den koka likeins som nemnt ovanfor om anna fiskesuppe.

Silda.

24. Sild vart det eten meire av før i tida enn norev, noko som kunne koma av at det var letstarevå få i sild då enn no og silda var etter måten billegare. Mest hadde det vel å segja, at det først vart fiska rett mykje sild i Vefjord eller i neraste fjordane, medan det no er skjelasyst å få noko på garn. Silda vart før anten koka, steikt eller eten spike. Ein kunne også laga sildesuppe og sildegryn. Både fersk og salt sild kunne verta koka. Men berre fersk sild vart steikt i panne. Silda vart da rulla i mjøl og steikt i feit. Salt sild kunne verta steikt på gjørne. Men rett ofte vart ikkje det gjort. Sila steikt på gjør var elles ei gamal råd mot livsykja. Ein skulle då ha brent øra attat.

Hadde ein annan mat var det skjeldan ein hadde sild meire enn ein gong for dagen. Berre om det var rikeleg med fersk sild kunne det vera to ganger sild ein dag. Meire enn tre genger fer vika var det eg skjeldan det var sild, mest vanleg var eit par gong fer veka. Nar det var salt sild dei

hadde vart det skift på med å koke og eta spise sild. Til ein avveksling kunne ein sa ha sildesuppe eller steika sild på griea som dei kalla det.

No er det skjeldan med sild meir enn ein gong for veka og i fleire hushald kan det ga fleire veker da det ikkje er sild.

25. Når dei kokte sildesuppe reinska dei salta sild for skinn og bein og hadde innvoiane ut. Skar sa silda i små bitar og hadde i vatn, ra poteter vart skreia og skare i små bitar og hatt opp i gryta saman med silda, litt nepe eller kalrot kunne dei og ha i. Når det var koka hadde dei ei jamning av byggmjøl oppi. Kokte ein sildegryn hadde ein først heilgryn og i vatn og koka, hadde sa sild, potet, kålrot eller nepe, gulrot oppi. Vart suppa før tynn kunne ein ha ein liten mjøijamning i tilslut etter det andre var koka. Før i tida var det mest sildesuppe som vart brukta, det vart brukt så lite grym. no til dags er det mest sildegryna som vert koka. Både til sildesuppe og sildegryna er det salta sild ein lyst ha, fersk sild eignar seg ikkje. Er silda for salt lyst ein vatne ut nøke salt før ein kokar silda.

Fiskemat.

26. Eg veit dei laga fiskepudding for ein femti ar sidan, men kor gamal rett det er torer eg ikkje segja. Det første eg har hørt om laga den likeins som no. Stor lubben fisk av sei, hyse eller lyr vert fikta og med ei skei grev ein sa fisken fra beina og skinnet. Fisken vart før

hatt i eit traug og banka fin med ei klubbe av tre . Det vart da heiler ikkje kalla pudding før, men **bankefisk** . Medan dei banka fisken vart det smatt isenn tilsett litt mjølk . No vert fisken male på ei kjøtkvern og sidan tilsett mjølk medan ein framleis brukar klubba for a røre og blanda mjølka i . Fiskebeina og anna vert kokt i ei gryte og krafta silt fra , i den vert bollane som vert tillaga av fisken kokt i . Bollane vart tillaga med ei skei . Tonny Strompdal og fleire eg har rædført meg med trur fiskepudding er ein heller ny rett .

27. Det meste av den fiskepudding som vert eten i hushalda her vert laga av kokkane i heimane sjølve . Men det hender av og til at det vert kjøpt hermetik , anten fiskekaker eller fiskebolier , når det er vant om a fa i annan fisk .

Særskiide fiskeretter.

28. Den matretten det oftast vart laga av fiskelevra var levermylja . Ein kunne og laga jabbe eller jarpe av den . Ein blanda da kokt fisk , kokt lever med leverfeitt og knust kokt potet på ein talerk og at det varmt . Levermylje vart laga av flatbrød og leverfeita . Ein tok og braut flatbrød smatt og hadde pa ein talerk , til smaare det var brote til betre var det . Sa tok ein retteleg varmt fiskesuppe og hadde pa for a bøyte brødet . Når brødet var bøyt hadde ein vekk den supa som ikkje hadde trekt seg inn i brødet . Deretter tok ein ei skei og rørde i det bløytte brø-

6165

det medan ein litt etterkvart hadde fin leverfeite opp i medan ein rørde, litt sirup skulde ein og ha i eller om ein ikkje hadde sirup fekk det greida seg med strøsukker. Når mylja var ferdig skulde ho vera så rørt med skeia, at ho såg ut som ein feit graut der ikkje noko heilt brødstykke vistes. ^{under lofottfisket} I Lofoten var levermylje før ein heller vanleg rett etter det Andreas Bjørgan fødd 1804 fortalte, han hadde rodd fiske i fleire år. Lars Fagerli som før er nemnt fortalte og det same. Elles vart levermylje berre laga så av og til. Det laut fin leverfeite til skulde ein få god mylje og den var ikkje altid a få av fisken i hei= metilrora. Det var da og helst fiskarane som laga levermylje.

Både jabbe og levermylje vert laga endå av og til, men skjeldan.

29. Kams vert ikkje brukta no, men i gamle dagar kokte dei av og til kams. Det er fa no som minnest at kams vart brukta. Marie Strompaai fødd 1889 fortalte likevel at ho minnest at medan ho var lite vart det fæingong lagå til kams. Den var etter det ho fortalte laga til av rå fisk blanda med lever noko likeeins som fiskepudding vert tillaga. Det vart hatt litt mjøl saman med fisken og levra og det vart laga bollar av han. Kams kunne etast som sørvi til brød eller potatkake eller til flatbrød og poteter. Nokon annan slags kams er ikkje kjent her det eg har hørt.

30. Torskelever har ikkje vore brukta til steikefeit her i nokon nemnande grad. Kansje det i krigsåra ein einskild gong kunne verta gjort

til liksom ein prøve.

is eller snø for nokre dagar, men elles var det ikkje brukta til lever til mat for lengre tida. Dei som fiska brukte til vanleg å gøyma den levra (som ikkje vart eten med det same) til tran. Dei var nøye på at den levra som skulde etast var god. Og da fisket gjekk for seg så a segja året rundt leit dei på a fa fersk fisk og levra når dei trøng til det.

Lever vert heller ikkje gøymt for noko lengre tid no heller.

52. Rogn vart før helst kokt og eten
fersk , skjeldnare vart den salta. Av torskerogn ~~xxx~~
vert det no ofte laga kaviar , som vert brukt
til palegg på brød .

Mjøkken av fisken vert ikkje eten no
anna enn mjølke av laks og ferskvassisfisk. Ga=
malt har eg høyrt fortalt dei brukte å blanda ei
iselja som dei kalla mjøkken i sjøfisken saman
med mjøl og furuborkmjøl i flatbrød.

Men eiXXX slags kake av rogn har det vorte laga.

Marie Strompdal fortel at ho har høyrt Olianna

Fagerlii (som no er død for kring sju år sidan) i

syvti til otti aars alderen) fortalte at dei lagte

kake av fiskerong . Dei hadde sot mjølk saman

med rogna og steikte det i panna liksom ei pan-

nekake . Gustav Strompdal fortel at dei i Vasenget

og steikte pannekake av fiskerogn og mjølk. A

steike pannekake av rogn har visst ikkje vært noe

vanleg, allvisst i den tid folk no kan minnest

No er det ingen som lagar slik kake det eg veit.
Noko anna nemning enn rognkake har eg ikkje høyrt.

Det er mogleg at rognkake og kan vore steikt som vaffelkake, det kan ligja ner å tru når dei laga røre og steikte pannekake. . Jieltrøvel i til Nebude
nynote so 24. Kjøtet på finnane på kveita var kalla rav, det vart kokt og ete liksom den andre fisken på kyeita.. Ravet saman med hovudet vart rekna å vera det beste på kveita . . Tresdøla

35. Nokon rett som vart kalla longstuvan hin lange har eg ikkje høyrt fortalt om . Nokon rett som den av Better Dass nemnde har ikkje vore i bruk her det folk no kan minnast.

36. Hovudet til dei fleste fiskesortane vart ikkje teke til foikemat . Berre av kveite , uer, laks og aure vart hovudet teke og kokt saman med den andre fisken. Hovudet av kveita vart rekna for å vera noko av det beste på kveita , Ursskolten vart og rekna for ein forkunnmat . Ursskolten var feita kring heilen i hovudet på ueren . På torsk og serleg på lofottorsk vart teke tunga og kjakane og kokt til mat . Lofotfiskarane hadde ofte lofothau som det kallast med heim fra Lofoten. Hovuda av annan fisk vart gjeve til krøtera , i gamal tid og ofte brukt til gjødsel .

Ister av sild vart eten. Var det feit saita sild vart sildistren brukta til sovl på flatbrød .

På ueren når han er feit på det og vera eit lag feit kring magen og noko av tarmane .

Ursmagen og noko til vart teke såleis at feita vart med . Dette vart kokt for seg og feita flytt av og teke til mat medan krøtera fekk det andre .

Denne ursfeita som det vart kalla, var fin og god og vart ofte brukt til myljefeite. Ursmylja som den vart kalla vart tillaga noko likeins som levermylja, berre ein hadde på ursfeita i staden for leverfeite. Mange tykte at ursmylje var enda betre enn levermylje. Tokna og gjengå, som innvoia vart kalla, vart elles brukt til til krøter. I gamal tid vart og noko brukt til gjøasel.

Det vert no fiska så lite uer ner, at ursmylja ikkje er brukt. Symjebæra vart ikkje teke av nokon slags fisk det eg har høyrt. Dei brukte før å taka fiskeskinn a ha til klåreskinn i kaffen. Dei reiv då skinnet, røet det kalla, av tørka fisk anten sei eller torsk, og så brukte dei dette fiskeskinnet til klåreskinn. Det var og eit slags fiskeskinn som vart teke og brukt likeins som ein no brukar sandpapir til a pusse av gjenstande ein har arbeid av tre. Det er mogleg det var av habrann, men eg det ikkje notert og minnest ikkje sikkert kva slags fisk det var. Det er så gammalt sidan det var i bruk, at ingen no minst det.

Habrann vart av og til fiska ~~xxxagn~~, men vart ikkje eten av fiskarane.

Tillegg.

Skaldyr.

27. Krabbe og hummar vart ikkje ete sa langt att i tida som eg har høyrt fortalt om. Dei vert heller ikkje ete no av fiskarane.

28. Blåskjel eller andre muslinger vert heller ikkje eten og har ikkje vore det før heller det eg har høyrt.